



Vidar Ingebretsen

Isdal 57

5916 ISDALSTØ

Referanser:

Dykker:

Vår: 16/2186 - 17/25183

Saksbehandlar:

Eli Bjørklid

Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:

31.10.2017

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket gbnr 185/4 Isdal.

Dokument:

Søknad med kostnadsoverslag og kart, motteke i kommunen 01.07.2016.

Om tiltaket:

Det gjeld SMIL-midlar til å sette opp gjerde og rydde gammal beitemark slik at arealet kan beitast av sau. Søknaden er delt i 3. Der er tre område som skal gjerdast inne og ryddast.

Område A: Gjerdet er om lag 400m. Parsellen ligg aust for tunet og har eit areal på om lag 7da. I gardskartet for eigedommen er området skogsmark av særslig høg bonitet, medan det gamle økonomiske kartet syner området som delvis overflatedyrka jord. Området er i attgroingsfasen. Rydding og inngjerding slik at sau kan beite vil vere bra.

Område B: Gjerdet er om lag 440m. Parsellen ligg sørøst for tunet og er om lag 26da. I gardskartet er området skogsmark delvis av særslig høg og delvis av høg bonitet. Arealet er dels bratt og tett tilvaks med lauvskog. Noko av området kan kanskje passere som hageskog. Det er området nærmest parsell A. Området kan nyttast til beite for sau, men areala var og i det gamle kartet frå 1982 klassifisert som skogsmark. Rydding og inngjerding av heile dette området, fell truleg utanfor regelverket for SMIL.

Område C: Gjerdet er 550m. Ved å gjerde slik det er søkt om, vert slåttemarka halde utanfor beiteområdet. Parsellen ligg sør for tunet og er eit restareal langs Isdalvatnet. Arealet er om lag 5da, og i følgje kartet er det delvis dyrka mark og delvis beite og impediment.

Gamle kart syner området som fulldyrka av middels kvalitet. Området er etter kvart forsumpa, og er ute av bruk som dyrka mark. Ved beiting vil ein hindre attgroing, og strandsona langs vatnet vil vere tydeleg.

Vurdering:

Det er ikkje eigaren som driv eigedommen. Det er leigetakar som skal utføre tiltaka og som har sau på beite.

Isdalsgarden er eit viktig kulturlandskapsområde med flott landskap og intakt klyngetur. Det er særmerkt og godt synleg for alle som ferdist gjennom området.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Tiltaket bør få tilskot, men truleg bør område B verte redusert, slik at berre det området som kan passere som hageskog/ope lauvskog får tilskot. Dette sidan rydding og gjerding i skog ikkje er tema for SMIL.

Kostnadsoverslag og vurdering av tilskot:

Samla kostnadsoverslag i søknaden er kr.89869,-. Dette er inkludert moms, som ikkje kan godkjennast som tilskotsgrunnlag.

Etter drøftingane over vert lengda på gjerde rundt parsell B halvert til 220 meter.

Reknestykket syner då at kostnader som kan godkjennast, samla vert kr.74436,- . Sats for tildelt tilskot er 50%. Dette gjev eit tilskot på kr.37218,-

Vedtak:

Med heimel i forskrift om tilskot til SMIL §8 løyver Lindås kommune kr.37218,- til gjennomføring av rydding og gjerding på gbnr 185/4 Isdal. Tilskotet er eit eingongstilskot.

Frist for gjennomføring vert sett til 01.10.2018.

Klagerett :

Vedtaket kan pålagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følgje. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Generelt om løying av SMIL – midlar :

- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikkje det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan sjekkast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngjeving, seinast 1 månad før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løvd. Løvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Utbetaling av tilskot:

- Utbetaling av tilskot skjer etter skriftleg oppmeling fra søker (saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttrekneskapet. Det kan også gjerast delutbetaling på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttrekneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.
- **Til utbetaling vil konto 3633 39 02855 verta nytta. Søkjar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.**

Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad.

Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.

- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak. De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbruksjef

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland Postbos 7310 5020 BERGEN

Mottakarar:

Vidar Ingebretsen Isdal 57 5916 ISDALSTØ